



MILJØDIREKTORATET
Postboks 5672 Torgarden

Dato: 16.09.2020
Vår ref.: 20/06782-1

7485 TRONDHEIM

Heidi Betten

SØKNAD OM VARIG OMDISPONERING AV STATLEG SIKRA FRILUFTSOMRÅDE VED BYGDATUNET I GRANVIN.

Voss herad har i Heradstyret 07.05.20 sak nr. 43/20 , gjort vedtak at ny barnehage i Granvin skal byggjast på det statleg sikra friluftsområdet ved Bygdatunet.

Historik:

Saka om kvar den nye barnehagen skulle liggja i Granvin starta 2018 i det no nedlagde heradet Granvin Herad. I vurderingane som vart gjort kvar den nye barnehagen skulle plasserast, vart det teke kontakt med Fylkesmannen korleis dei såg på ei plassering av barnehagen på det statleg sikra friluftsområdet. 18 mai i 2018 fekk dette svaret på e-post:

*Fylkesmannen i Hordaland kjem her med ein førehandsvurdering etter oppmoding frå Granvin herad. Vi er **positive** til at det kan etablerast ein barnehage i det statleg sikra friluftsområdet Øyane bygdetun. Det er Miljødirektoratet som kan gje løyve til en endeleg omdisponering av areala frå friluftsføremål til barnehage.*

Med denne utalen som bakgrunn gjekk ein vidare med arbeidet for å få eit politisk avgjerd om denne plasseringa i Granvin herad. Politikarane i Granvin herad enda opp med eit vedtak i 2019 som sa at dei ønskte ein ny barnehage der den gamle låg på Tueteigen, stikk i strid med alle anbefalingar frå fagfolk og analyser gjort av Norconsult som hadde denne konklusjonen:

«Bygdatunet står frem med størst potensiale for å lage ein god og særmerkt barnehage, i samspel med bygda, og i gangavstand frå tilbod ved skulen.»

Voss herad tok fatt i saka og gjorde vedtak i saka mai 2020 at ny barnehage skulle plasserast på det statleg sikra friluftsområdet med mellom anna desse argumenta:

«Tomta ligg sentralt i Granvin med ei flat tomt og i nærleik til butikk, bibliotek og skule. Området ligg skjerna frå støy, trafikk og elva. Tomta kan lett opparbeidast med tanke på eit uteområde for barnehagen. Nærleiken til Bygdatunet gjer at det kan utviklast eit konsept med kultur og barn i sentrum. Barnehagen er eit offentleg bygg der fleirbruk både er ynskjeleg og eit mål.

Ein del av det sikra areal vert årleg nytta til «Bygdadagane» i Granvin. Det er planen at dette skal ein kunne fortsetja med sjølv om ein byggjer ny barnehage her. Det er viktig at ein tek høgd for dette i planlegginga slik at det ikkje vert ein motsetnad her, og at ein kan opna opp for sambruk slik at barnehagens areal både inne og ute kan nyttast i samband med «Bygdadagane».



Vurdering:

Bruken eller tiltakets art:

Det er sett opp gamle bygg på deler av tomta som er omtala som Bygdatunet. Dette området fungerer som eit museum og vert av og til nytta til ulike arrangement. Dette området ligg på ei forhøgning i terrenget. Resten av arealet vert nytta til beite (sauer ,hester).

Deler av området vert nytta til å arrangera Bygdadagane ein gong i året.

Ved bygging av ny barnehage vil den største forandringa vere at ein (sannsynleg) ikkje kan bruke området som beite lenger. Arealet brukt som beite i dag vil då brukast av ungane i barnehagen som eit leikeområdet i tillegg til dei vanlege leikeapparata som vert sett opp innanfor gjerdet til barnehagen.

Drift og bruk av Bygdatunet vil kunne fortsetja som før. Området vil ikkje verta gjerda inn (bortsett frå rundt barnehagen), slik at ålmenheita vil ha tilgang til mesteparten av området slik som i dag.

Plassering i området:

Plassering av bygget er pr.dags dato ikkje bestemt. Ein vil prøve å finna ei plassering som gjer at ein kan nytta det meste av arealet slik som det ligg i dag. Ein vil også prøve å få til ei utforming på bygget slik at det glir inn i det eksisterande bygningsmiljøet på ein naturleg måte. Detaljar kring plassering, høgder, parkering, tilkomst etc vil ein avklare under utarbeiding av reguleringsplanen som ein no skal ta fatt på.

Arealbehov:

Det statleg sikra friluftsansarealet er på om lag 8160 kvm. For å få til ein heilheitleg planlegging ønskjer Voss herad at heile arealet vert varig omdisponert. Voss herad står som heimelshavar(gnr. 623 bnr.65), til dette arealet.

Erstatningsareal:

Som del av ei revitalisering av det gamle sentrumsområdet vert nå området på motstående side av elva frå Grandane opparbeida som park/friluftsområde, i samsvar med detaljreguleringsplan for Stasjonsområdet planID 1234 2012002. For å få ei heilskapleg forvaltning av strandsone og dei sentrale friområda i Granvin, så ynsker ein at dette vert eit erstatningsareal for varig omdisponert areal ved Bygdatunet , jf. kartskisse. Arealet er på om lag 5084 kvm.

Voss herad ser dette som ei god løysing til erstatningsareal då det allereie er eit statleg sikra areal på andre sida av elva (badeplassen). Dei to områda heng naturleg i hop og er kopla saman med gangbru som nyleg vart opprusta ved hjelp av tilskotsordninga for tilrettelegging i statleg sikra friluftslivsområde. Granvin herad har ved tidlegare kontakt med fylkeskommunen fått positive signal til ei sikring av park/friluftsansarealet, nettopp på grunn av at det ligg sentralt og forbindelse til strandsone, grønnstruktur og gang-sykkelvegnett. Dette vert eit fint området som ålmenheita kan nytta, der det vert leikeapparat, benker og fine grøntareal som kan nyttast.

Oppsummering:

Med grunngjeving som vist i utgreiinga ovanfor:

- Voss herad vil med dette søkja om **varig omdisponering** av statleg sikra friluftsområdet ved Bygdatunet på om lag 8160 kvm i samsvar ved vedlagde kart skisse («Bygdatunet»).
- Voss herad ønskjer at 5084 kvm i samsvar ved vedlagde kartskisse («Fjordparken») **vert lagd inn** som statleg sikra friluftsområdet.



Voss herad

Voss herad håpar på eit snarleg svar slik at planleggingsarbeidet med å få på plass ein ny barnehage i Granvin kan ta til for fullt.

Vedlegg:

- Oversiktskart
- Kart Bygdatunet
- Kart Fjordparken

Med vennleg helsing

Elisabeth Lillegraven

Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur